

# GISKE OPPVEKSTSENTER

## SKULE OG SFO



### HANDLINGSPLAN FOR Å SIKRE ALLE ELEVAR SIN RETT TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ



**7. klasse 2017/18**

Godkjend FAU februar 2018

Godkjend SU mars 2018

## 1. Innleiing

Skulen arbeider aktivt og systematisk for å sikre elevane eit trygt og godt skulemiljø. Alle elevar har ein lovbestemt rett til eit trygt og godt miljø, og skulen tek difor dette på alvor. Elevar som føler seg trygge og som trivst på skulen lærer meir enn dei elevane som ikkje har det godt. Giske skule arbeider difor aktivt og systematisk for å sikra elevane sin rett til å ha det godt. Trygge elevar som trivst, lærer meir, og dei blir difor betre rusta for framtida. Sjølv om ein del av kapittel 9a er kjent frå før, er det innført fleire store og sentrale endringar som fører til utvida rettar for elevane

### Giske skule sine mål for skulemiljøet:

- Alle elevar på skulen skule skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
- Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane
- Skulen skal raskt gripa inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering når dei vert gjort kjende med slike problem
- Skulen skal gje føresette god informasjon om dei rettane barnet deira har i saker som handlar om mobbing eller andre krenkingar

## 2. Viktige paragrafar i kapittel 9a:

**Kapittel 9 A i opplæringslova** skal bidra til at elevane har eit trygt og godt psykososialt og fysisk skulemiljø. Eleven si eigen subjektive oppleving av dette er det avgjerande.

I denne planen har skulen valt å framheve nokre av dei lovane som er del av kapittel 9a. Dei følgjande paragrafane er særleg viktige i det førebyggjande arbeidet og i arbeidet med handtering av mobbing eller andre krenkingar.

### § 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### § 9 A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Rektor har ansvaret for at krava i kapittel § 9 A-3 blir oppfylte.

### § 9 A-4 Aktivitetsplikt for å sikra at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er moegeleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøke saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal laga ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå:

- a) kva problem tiltaka skal løyse
- b) kva tiltak skulen har planlagt
- c) kva tid tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- e) kva tid tiltaka skal evaluerast

Skulen skal dokumentera kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

**§ 9 A-5** Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen krenkjer ein elev  
Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

**§ 9 A-6** Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker  
Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.  
Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skulemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen

**§ 9 A-9** Informasjonsplikt og rett til å uttale seg  
Skulen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skulen skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.  
Dersom skulen finn ut at noko ved skulemiljøet kan skade helsa til elevane, skal elevane og foreldra snarast mogeleg varslast om det.  
Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skulemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogeleg verte tekne med i arbeidet med skulemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø, og har rett til å uttala seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skulemiljøet.

Link til opplæringslovas § 9a:

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL\\_11#KAPITTEL\\_11](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_11#KAPITTEL_11)

### **3. Omgrepsavklaring**

#### **Mobbing:**

I elevundersøkinga blir mobbing definert slik:

«..gjentatt negativ eller ondsinnet åtferd frå ein eller fleire retta mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Gjentatt erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing.»

Mobbing eller plaging er psykisk og/eller fysisk vold retta mot eit offer, utført av enkeltpersonar eller grupper. Mobbing forutset eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plager og at episodene vert gjentekne over tid. Hendingar som rammer ein elev ein enkelt gang kan imidlertid også ha karakter av mobbing.

Negativ eller ondsinna åtferd er noko ein person gjer med hensikt for å skade ein annan. Desse handlingane vert delt inn i fem hovedpunkt:

1. Det kan vere med ord som når man truer, håner eller seier stygge ting som sårer den andre.
2. Det kan vere åtferd som å slå, skubbe, sparke, klype eller holde nokon fast mot deira vilje.
3. Det kan vere psykisk utmatting som utestenging, ryktespreiing eller baksnakking.
4. Det kan vere med negativt kroppsspråk og stygge blikk.
5. Det kan vere digital mobbing.

#### **Konflikt:**

Vi kaller det konflikt når likeverdige partar blir ueinige og det oppstår eit samanstøt kor to eller fleire motstridande ønsker er tilstede. Det som skjer oppleves ubehageleg for begge partar. Ved slike hendelsar skal tiltak iverksetjast.

#### **Krenking:**

Krenking innbefattar i tillegg til mobbing også vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal også ha nulltoleranse for mindre alvorlege krenkingar. Kva som er krenkingar skal tolkes vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsagn eller ueinigheter er krenkingar.

## 4. Innhald

Innhaldet i denne handlingsplanen er delt i to. Del ein handlar om det førebyggjande arbeidet, medan del to omhandlar konkrete handlingar som skal gjerast om skulen skal handtere ei sak som gjeld mobbing eller andre krenkingar.

### 4.1 Årshjul - trivselsfremjande og førebyggjande tiltak - rutinar for å avdekke mobbing

Tiltak	Når	Korleis	Ansvar
Gode overgongar mellom barnehage og skule	Arbeid med dette vert starta allereie ved innskrivinga i februar. Det er utarbeidd ein eigen plan for overgongane.	Førskulebarna blir tatt imot av fadrane sine ved innskrivinga. Frå veke 9 har førskulebarna ein time kvar veke på skulen saman med fyrste klasse.	Einingsleiar og assisterande styrar i barnehagen  Kontaktlærer 1.klasse og pedagog i barnehagen
Fadderordning (eks): <ul style="list-style-type: none"><li>• Fyrste og femte trinn</li><li>• Andre og sjette trinn</li><li>• Tredje/fjerde og sjuande trinn</li></ul>	Vert etablert før skulestart, i februar ved innskriving av 1.trinn	Planlagt av kontaktlærer 1. og 5.trinn kvart år. Vert følgd opp av kontaktlærarar dei neste åra.	Kontaktlærarar
Vennskapsveke	Ved skulestart	Eigen plan	Rektor og kontaktlærarar
Signering av kontrakt mot mobbing		Elevar og føresette signerar. Kontrakta vert utlevert fyrste måndag etter skulestart og samla inn fredag i same veke.	Rektor, elevråd og kontaktlærarar
Gjennomgang av skulen sin «Handlingsplan for å sikre alle elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø»		Fellesmøte, klasseråd og elevråd	Rektor, kontaktlærer
Gjennomgang av skulen sine trivselsreglar/ ordensreglar		Fellesmøte, klasseråd og elevråd	Rektor, kontaktlærer
Evaluering av inspeksjonsrutinar		Evaluerer i fellesmøte	Rektor
TL - Trivselsleiar-ordninga	Heile skuleåret	TL – elevar er valt som trivselsleiarar for å aktivisere elevane i leik i ellevefriminutta (ma-to)	Trivselskoordinator ved skulen og rektor
Synlege vakter og god vaksentettleik i friminutta	Heile skuleåret	Eigen vaktplan og instruksar	Rektor og heile personalet

Arbeide med sosiale kompetansemål i alle klassar		Kvart klasstrinn har egne sosiale kompetansemål som dei arbeider med	Kontaktlærarane og SFO-leiar
Byggje inkluderande kulturar gjennom god klasseleiing		Kompetanseheving i personalet	Rektor, kontaktlærarar
Elevrådet har fokus på elevane sitt skulemiljø		Tema på elevrådsmøta	Kontaktlærer for elevråd
Klasseforeldremøter der trivsel og skulemiljø skal vere eit fast tema  Nettmobbing skal vere eit tema i alle klassane	August/ september	Planlagt av kontaktlærer og klassekontakt NB! Gjennomgang av «Handlingsplan for å sikre alle elevar sin rett til eit trygt og godt skulemiljø». Heftet: «Digital mobbing, Praktiske råd for skoler»	Kontaktlærer og klassekontakt
Elevsamtalar og Utviklingssamtalar der trivsel og sosiale ferdigheiter er tema	Haust og vår	Etter fast skjema	Kontaktlærer
Foreldre vert oppmoda om å opprette haust- og vårgupper	Haust og vår	Lage aktivitetar i klassen for å fremme trivselen til alle elevane	Klassekontaktane
Trivselsundersøking / sosiometrisk undersøking i alle klassane	Oktober og mai	Bruk av verkty som: Eigen trivselsundersøking/ eller Klassetrivsel.no	Kontaktlærer Rapport til rektor viss ein avdekker brudd på § 9 a
Oppfølging av resultat frå Brukarundersøkingar	Våren	Resultat frå Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga vert drøfta på skulen og samarbeidsorgana	Rektor og kontaktlærer Rektor og leiarane av samarbeidsorgana
Gode overgangar mellom barne- og ungdomstrinn	Våren	Det er utarbeidd ein eigen plan for overgangane.	Rektorane i barneskule og ungdomsskule

## 4.2 Eleven si stemme

Skulen gjennomfører jamlege møter med elevane for å kontrollere at dei har det greitt. Det blir gjennomført elevsamtalar og heim/skule-samtalar kvart semester. Det betyr at skulen har fire faste treffpunkt som fører tilsyn med korleis elevane har det.

### **Kva blir gjort for å høyre eleven si stemme**

- 2 elevsamtalar kvart skuleår
- 2 heim/skule-samtalar kvart skuleår
- 2 klassemiljøundersøkingar kvart skuleår
- Elevundersøkinga (i regi av Udir)
- Uformelle elevsamtalar v/ behov

### **Korleis sikrar skulen medverknad frå elevar, føresette og det politiske miljøet:**

- Elevrådsmøter (4-5 gonger pr. semester)
- Møter i samarbeidsutval og skulemiljøutval (ca 2-3 gonger pr. semester)
- Møter i FAU (ca 3 gonger pr. semester)
- Uformelle møter ved behov

## 4.3 Aktivitetsplikta

Alle som arbeider på skulen, skal følge med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripa inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogeleg. Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle. Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøke saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrd. Kva som er best for elevane, skal vera eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

#### 4.4 Handlingsplan for mobbesaker

	<b>Kva</b>	<b>Korleis</b>
1	Informasjon til leiinga på skulen	Ein frå leiinga på skulen skal vere kontaktpersonen til den læraren som skal handtera mobbesaka
2	Samtale med eleven som blir mobba	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøking av saka               <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kven er det som mobbar?</li> <li>- Kva er det som skjer?</li> <li>- Kor er det dette skjer?</li> </ul> </li> <li>• Forsikre eleven om at han/ho ikkje skal måtte tåla krenkingar</li> <li>• Understreke at skulen har nulltoleranse for mobbing</li> <li>• Forsikre eleven om at saka skal bli teken på alvor, og at saka skal handterast raskt</li> <li>• Gi informasjon om vidare saksgang</li> </ul>
3	Samtale med føresette	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undersøking av saka               <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kven er det som mobbar?</li> <li>- Kva er det som skjer?</li> <li>- Kor er det dette skjer?</li> </ul> </li> <li>• Forsikre føresette om at eleven ikkje skal måtte tåle krenkingar</li> <li>• Understreke at skulen har nulltoleranse for mobbing</li> <li>• Forsikre føresette om at saka vil bli teken på alvor, og at saka skal handterast raskt</li> <li>• Gi informasjon om vidare saksgang</li> </ul>
4	Vidare undersøking av saka	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Snakke med dei vaksne som arbeider rundt eleven dagleg</li> <li>• Gi informasjon til kollegiet på skulen (be om observasjonar)</li> <li>• Vere på jakt etter fakta</li> </ul>
5	Foreløpig tiltaksplan	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontaktlærer møter rektor for drøfting av situasjon. I møtet blir det laga eit utkast til tiltaksplan. I planen skal følgjande vere med:               <ul style="list-style-type: none"> <li>- Kva problem tiltaka skal løyse</li> <li>- Kva tiltak skulen har planlagt</li> <li>- Kor tid tiltaka skal gjennomførast</li> <li>- Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka</li> <li>- Kor tid tiltaka skal evaluerast</li> </ul> </li> </ul>
6	STOPP-samtalar med dei elevane som mobbar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gi eleven ei beskriving av situasjonen</li> <li>• Vera tydeleg på det som er observert</li> </ul>



		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vere tydeleg på kva slags rolle eleven har</li> <li>• Gi eleven mogelegheit til å uttale seg om situasjonen</li> <li>• Vere tydeleg på at krenkingane må STOPPE</li> <li>• Gi eleven tydeleg beskjed om kva slags oppførsel som vert forventa. Eleven må få 2-3 konkrete arbeidsoppgåver som skal gjerast</li> <li>• Vere tydeleg på skulen sin nulltoleranse for mobbing</li> <li>• Vere tydeleg på at ein vil følgje nøye med</li> <li>• Gi føresette informasjon om samtalen</li> <li>• Ved valdsepisodar skal eleven bli henta av foreldra på rektor sitt kontor og bli utvist for resten av dagen</li> </ul>
7	Samtale med mobbeoffer og informasjon til føresette	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Informere eleven kort om dei samtalane som er gjennomførte</li> <li>• Forsikre eleven om at krenkingane er STOPPA</li> <li>• Vere tydeleg på at eleven må sei ifrå dersom mobbinga held fram</li> <li>• Informere om at dei andre elevane får tett oppfølging</li> <li>• Informere dei føresette til eleven om det som er gjort</li> <li>• Gjennomgang og drøfting av skulen sin tiltaksplan for å løyse situasjonen med elev og føresette</li> </ul>
8	Oppfølging av eleven som har blitt mobba	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Spørje eleven om korleis dei siste vekene har vore</li> <li>• Korleis har tiltaka fungert? Burde noko meir eller noko anna gjerast?</li> <li>• Samtale med elev og føresette. Evaluering av dei tiltaka som har vorte gjort.</li> </ul>
9	Avsluttande møte med mobbarane	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gi ros for endring av åtferd, og vere tydeleg på ei framleis forventning om god åtferd</li> <li>• Gi uttrykk for at skulen framleis vil følgje med på samspelet mellom elevane</li> <li>• Minne om arbeidsoppgåvene til kvar enkelt elev</li> <li>• Informere dei føresette</li> </ul>

#### 4.5 Konsekvensar dersom mobbinga ikkje tek slutt

Aktuelle sanksjonar som kan setjast i verk overfor mobbar (ar):

- Friminutt på ordinære tidspunkt med eigen vaksenperson/i følge med inspiserande lærar
- Ikkje friminutt saman med dei andre
- Endring av rammer/ ommøblering av klasserom
- Ikkje få delta på felles- eller klassearrangement
- Gå frå skulen etter at dei andre elevane har gått heim
- Vaksenfølgje til og frå skulen
- Bortvisning jf. Oppl.l. § 2-.10
- Politianmelding
- Skifte skule

#### 4.6 Henstilling frå tilsette på skulen og SFO, elev og føresette

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Elevar eller foreldre/ føresette som ber om tiltak etter opplæringsloven § 9a skal ta kontakt munnleg eller fylle ut dette skjema og levere det til leiinga ved skulen.

Dette omfattar det fysiske miljøet og det psykososiale miljøet (krenkande ord/handlingar, mobbing, diskriminering, vold eller rasisme).

Dato:	Eleven sitt namn:	Klasse:
Henstillinga gjeld:		
Beskriving (skriv kva saken gjeld, hending, involverte partar, eventuelt tidlegare episodar)		